



Byglandsnytt nr.19 – mars 2021

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 6. april - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 31.03.

Bygland kommune si heimeside: www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

Publikumsmottak: tlf. 37 93 47 00

måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00 – stengt for tida grunna smittesituasjonen

NAV: tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

Rettleiingssenter i Bygland: stengt for drop-inn grunna smittesituasjonen

Legkontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116117

Bygland legekantor

Byglandsfjord legekantor

Sentrum 18, 4745 Bygland

Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	09.00 – 15.00	
tysdag	09.00 – 15.00	
onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
torsdag	09.00 – 15.00	
fredag	Stengt	09.00 – 15.00

Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 19.00	10.00 – 14.15
torsdag	14.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar:

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Formannskapet:** 03.03. kl. 17.00
- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 15.03. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 15.03. kl. 15.30
- **Plan, miljø- og ressursutvalet:** 16.03. kl. 13.00
- **Kommunestyret:** 18.03. kl. 17.00

Nytt om namn i Bygland kommune

- **Marthe A Håvorstad Homme** vikarierer som avdelingsleiar i open omsorg i tida fram til 18.8.2021
- **Beate A Granhaug** vikarierer som avdelingsleiar for habilitering i tida fram til 18.8.2021.
- **Kathrine Fagerheim**, nyttilsett fast vernepleiar 50%.

Ledige stillingar

Setesdalsmuseet lyser etter museumsvertar

Har du lyst på ein spennande sommarjobb? Setesdalsmuseet søkjer etter museumsvertar sommaren 2021.



Aust-Agder museum og arkiv avd. Setesdalsmuseet skal engasjere museumsvertar ved museet sine avdelingar på Bykle kyrkje/Lislestog, Rygnestad museum, Rysstad, Sylvartun, Evje og Hornnes museum Fennefoss, Evjemoen Forsvarsmuseum, Evje Mineralsti og Iveland og Vegusdal Bygdemuseum for sommaren 2021.

Arbeidet høver godt for serviceinnstilte skuleelevar/studentar med interesse for kultur og historie. Kjennskap til framandspråk, særleg engelsk, er nødvendig. Gjerne også tysk. Arbeidet som museumsvert er interessant og utfordrande, og gir verdifull praksis til seinare yrkesval. Arbeidet er variert, og museumsvertane vil også få ansvar for andre oppgåver når det er lite besøk.

For meir informasjon og søknadsskjema:

<https://www.setesdalsmuseet.no/setesdalsliv/nytt-fra-setesdalsmuseet/>

Utfylt søknadsskjema sendast til post@setesdalsmuseet.no **innan 17. mars.**

Utdanning ved UiA, Universitetet i Agder Desentralisert sjukepleiestudium

På nytt vert det tilbod om desentralisert studium i sjukepleie. Oppstart er hausten 2021. Det er krav om geografisk tilknytning. For opptak til



studiestad i region Setesdal betyr det at du må bu i ein av desse kommunane: Åseral, Bygland, Bykle, Evje og Hornnes eller Valle. I tillegg kan folk frå Iveland søke.

Denne distriktsvenlege utdanninga hjå **Universitetet i Agder** gjev deg sjansen til å kunne ta ein bachelorgrad i sjukepleie. Setesdal interkommunalt politisk råd (regionrådet) legg til rette for undervisningslokale og møteplassar, og jobbar i lag med kommunane for å finne relevante praksisplassar i regionen. For praktisk informasjon og søknad: <https://www.uia.no/studier/sykepleie3>
Ordinær søknadsfrist er 15. april.

Kontakt: Anne Opsal, koordinatør distriktskullet / førsteamanuensis Institutt for helse og sykepleievitenskap, UiA, på tlf 38 14 20 33, eller på e-post anne.opsal@uia.no

Agder fylkeskommune informerer: Solblom blir fylkesblomster i Agder

Fylkestinget valde solblom (*Arnica montana*) til fylkesblom tysdag, 16. februar blant dei nær 40 forslaga som var sendt inn.

Solblom var ein av fem viltvoksende enkeltplanter som vart foreslått og som er utbreidd i store delar av fylket.




Helse: **KORONA**

Kva skjer når "smittealarmen" går?

Når ein innbyggjar testar positivt på Covid-19 utløyser det ein kjedereaksjon på kommunehuset. Her kan du lese meir om korleis vi jobbar når vi får melding om positivt Covid-19 tilfelle.

Vi har hatt nokre få smittetilfelle i Bygland. Vi veit jo at kvart tilfelle er ulike, men nedanfor har vi prøvd å presentere nokre moment som ein ser går att kvar gong.



Melding om smitta person får vi frå Mikrobiologisk avdeling ved SSHF Kristiansand. Dei gir melding direkte til kommuneoverlegen. Han tar då umiddelbart kontakt med kommunedirektøren, som så kallar inn kriseleiinga i kommunen. Kven som sit i kriseleiinga er noko avhengig av kvar den smitta bur og arbeider. Blir t.d. oppvekstsentra involvert, er det naturleg at tenesteleiarane der blir kalla inn. Faste medlemmer i kriseleiinga (i høve Covid-19): Ordførar, kommunedirektør, kommuneoverlege, tenesteleiar Helse (som og er leiar av smittesporingsteamet), beredskap og informasjon. Kommunedirektøren kallar i tillegg inn dei som er relevante for den aktuelle hendinga.

Tida frå melding om smitte og fram til møtet i kriseleiinga startar, brukar leiar av smittesporingsteamet til å ta kontakt med den smitta for å få ei oversikt over nærkontakter og evt. andre som kan måtte gå i avventande karantene. Dette gjer ho for at kriseleiinga skal få ei viss oversikt når møtet startar.

I denne situasjonen prøver vi å arbeide raskt og effektivt. Det er svært viktig å få isolert/sett i karantene/avventande karantene dei som potensielt kan kome til å smitte andre. Om det viser seg at det er mange involverte i situasjonen, ber kommunedirektøren smittesporingsteamet om å møte opp. I tida fram til smittesporingsteamet er på plass blir det laga ei namneliste med telefonnummer (om vi har det), slik at dei kan gå i gang med å ringe straks dei er på plass. Flytskjema for smittesporinga blir lagt fram.

Tilsette på legekantoret får deretter i oppdrag å gjere klar ein teststasjon slik at nærkontakter og evt. andre kan bli testa. Så er det slik at om mikrobiologisk avdeling får alle testane før kl. 23:00, er det stor sjanse for at resultatet er klart neste dag. Difor kan teknisk vakt bli bedne om å frakte testane ned til sjukehuset den samme kvelden. Det blir gjort på denne måten slik at folk som sit i avventande karantene, kan gå ut av denne så fort som mogleg (om testen er negativ).

Om testane er negative, får smittesporingsteamet i oppdrag av kommunedirektøren om å gi melding til alle i avventande karantene at dei kan gå ut av denne.

Klarer vi å få kontakt med deg?

Når vi skal sende SMS eller ringe til deg som står for tur til vaksinerings, eller om vi treng å ringe til deg i samband med smitte- sporing, er det viktig at vi har telefonnummeret, eller også kan finne det på nett.



Har du hemmeleg nummer?

Om vi manglar telefonnummer, søker vi etter det på 1881.no eller telefonkatalogen.no. Det er ikkje alle vi klarer å finne nummeret til. Har du hemmeleg telefonnummer, eller av andre årsaker ikkje ønskjer å ha nummeret ditt på 1881.no eller telefonkatalogen.no, er det svært viktig at du sjølv tar kontakt med kommunen og gir oss telefonnummeret ditt. Vi ber alle som veit at telefonnummeret ikkje er tilgjengeleg om å sende namn og telefonnummer til post@bygland.kommune.no eller du kan ringe til 379 34 700.

Status på vaksinasjon (Covid -19) - Oppdatert

25.02.21

Vi er i gang med å vaksinere innbyggjarane i kommunen. Vi er ferdige med å vaksinere på Byglandsheimen (inkl. omsorgsbustader)



Her finn du ei oversikt over kor mange som blir vaksinert. Tala vil bli oppdaterte jamnleg.

Oppdaterte tal pr. 25.02.21

Innbyggjarar: 46 personar er fullvaksinert og 24 som har fått dose 1.

Kritisk helsepersonell: 7 fullvaksinerte og 8 personar som har fått dose 1.

Dei vi vaksinerer no: Vi held no på med dei som er fødde i 1942.

Vi har ikkje fått vaksiner nok til å gå vidare på lista. Dei vaksinane vi har fått no, må vi bruke til å vaksinere dose 2. Det same gjeld dei få vaksinane vi får både i veke 8 og veke 9.

Det som er viktig å vite, er at vi ikkje kan frakte oppblanda dosar mellom Byglandsfjord og Bygland. Om eit vaksineglas blir oppblanda på Byglandsfjord, må alle dosane i glaset bli brukte på Byglandsfjord.

Veke	Dato	Talet på dosar	Til revaksinering	Nye
1	5.1	6		
2	12.1	6		
3	19.1	6		
4	26.1	18	6	12
5	2.2.	30	6	24
6	9.2	24	6	18
7	16.2	24	12	12
8	23.2.	24	24	0
9	2.3.	18	18	0
10	9.3	18	12	6

Tid og stad

Du vil få melding om oppmøtetid og kvar du skal møte når du får innkalling. Det er svært viktig at ein prioriterer denne avtalen, og heller endrar på eventuelle andre avtalar. MEN, dersom ein har symptom på luftvegsinfeksjonar (som feber, hoste eller forkjøling), må ein gi melding om at ein ikkje kan møte. Då kan denne dosen gå til den neste på lista, og du vil få høve til å ta vaksinen veke etter.

Ring Bygland kommune på tlf. 37 93 47 00 dersom du ikkje kan bli vaksinert.

Viktig

Ein må møte opp på tidspunktet ein har fått - ikkje før eller etter. Dette er for å hindre at mange menneske blir samla på ein gang.

Vaksinasjonsstad

Dette vil variere ettersom kor mange som skal vaksinerast, og kor mykje plass vi treng.

Vi vil så langt som råd tilpasse oppmøtestaden som ligg nærast der du bur.

Hovudregelen er:

- Dersom vi får 1 - 50 dosar: Leilegheit i underetasjen på Byglandsheimen eller ei leilegheit på Byglandsfjord. (Tidlegare var det kommunestyresalen og legekantoret på Byglandsfjord)
- Dersom vi får over 50 dosar: Byglandshallen eller Årdalshallen

For meir informasjon rundt vaksine: sjå kommunen si heimeside bygland.kommune.no

Bygland frivilligsentral informerer:

Transport til og fra vaksinasjon

Bygland kommune er no i gong med vaksinerast. Framover vil fleire få tilbod om vaksine. Det vil verte tilrettelagt for vaksinerast i nord, midt og sørlege del av kommunen.

Bygland Frivilligsentral ønskjer å bidra i arbeidet. Vi treng frivillige til å transportere eldre som skal vaksinerast frå heimstad til vaksineringsstad og heim att.



Hvordan blir oppgavene organisert?

Den som køyrer vil få køyregodtgjersle etter staten sine satsar. Kvar leverer inn skjema med oversikt over køyring, og får betalt på etterskot. Bygland kommune vil syte for utstyr knytt til smittevern til deg som sjåfør. Det er tale om oppdrag over ein kort periode.

Kven ser vi etter?

Alle kan hjelpe til med dette :-)

Krav: førarkort og bil

Oppdraget skal ikkje koste deg noko.

Meld deg om dette kan vere noko for deg:

<https://frivillig.no/bygland-frivilligsentral/transport-til-og-fra-vaksinasjon>

Økonomi og Næring

Eigedomsskatt 2021

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak blir det i 2021 skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett, jf. eigedomsskattelova § 3 c.



Det blir og skrive ut eigedomsskatt på det som tidlegare var definert som verk og bruk, jf. overgangsreglane til den nye eigedomsskattelova. Med heimel i eigedomsskattelova §15, blir eigedomsskattelista lagt ut til offentlig ettersyn i tre veker frå den **27.02.2021**.

Skattelista blir lagt ut på kommunehuset og kommunen si heimeside:

<https://www.bygland.kommune.no/eigedomsskatt-2021.6371093-522036.html>

Bygland eigedomsskattekontor

Plan og Utvikling

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

utsett - Ny frist er 1. mai 2021

Vi ønskjer å arrangere fysiske møte i samband med medverknad til revidering av arealdelen. Covid-19 situasjonen vi står i gjer det vanskeleg.



Men vi håpar at det blir enklare å møte kvarandre utover våren.

Målet er difor framleis å arrangere møte der næringslivet, organisasjonar, grunneigarar og innbyggjarar kan kome med innspel, og der vi saman kan drøfte og diskutere arealbruken i kommunen.

Tid og stad for fysiske møte vil vi informere om utover vinteren og våren etter kvart som vi ser at det er trygt å samle folk. Det vil bli arrangert fleire møte rundt om i kommunen.

Ut i frå dette så utset vi fristen for å kome med innspel til **1. mai 2021**.

Meir informasjon og lenke til innspelsretteiar og -skjema finn du på kommunen si heimeside: <https://www.bygland.kommune.no/innspel-til-arealdelen.529473.nn.html>

Drift og Forvaltning

Informasjon om viktige datoar som gjeld produksjonstilskot

1. mars er teljedato for produksjonsdyr, og

15. mars er søknadsfristen for produksjonstilskot del 1.

Du kan søkje frå og med 1. mars.

Om du ønskjer meir informasjon om dette, finn du det på

Landbruksdirektoratet sine nettsider

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk>



Utlysing av midlar: Klima- og miljøprogrammet i jordbruket 2021

Statsforvaltaren i Agder (tidl. Fylkesmannen) har fått fylkesvis tildeling annanfor Klima- og miljøprogrammet i jordbruket.

Søknadsfrist er 1. april

Programmet omfattar tiltak som er knytta til

- klimatilpassing
- klimagassutslepp
- jord
- naturmangfald/kulturminne i kulturlandskapet
- forureining til vatn, jord og luft



Målgruppa

Målgruppa for ordninga er først og fremst føretak, fag- eller næringsorganisasjonar og utgreiings- og forskingsverksemd (institusjonar)

Prioriterte prosjekt i 2021

Statsforvaltaren i Agder prioriterer i 2021 prosjekt knytta til ein klimavenleg driftspraksis i jordbruket.

Døme på tiltak kan vere:

- optimale spreieteknikkar og spreietidspunkt for husdyrgjødsel
- god agronomi og auka teknologisatsing som verktøy for å redusere klimagassutslepp
- tiltak som aukar karbonbindinga i jord, t.d. bruk av fangvekster
- jordarbeidingstiltak og konsekvensar for utslepp til luft

- vurdere behov for endringer i dyrkingssystem og agronomi under endra klimabetingelsar
- tiltak knytta til naturmangfald/kulturminne i kulturlandskapet
- formidling, fagmøte og informasjonstiltak knytta til klima- og miljøprogrammet

Prosjekta skal bidra til:

- at eksisterande eller ny kunnskap raskt når ut til næringsutøvarar
- oppdatere kunnskap for rådgjeving og forvaltning
- informere om jordbruket sin miljøinnsats til samfunnet for øvrig

Lenker og søknad

- Lenke til lokale retningslinjer:
<https://www.statsforvalteren.no/contentassets/b269f8f7577b449b9e90d143bf0fe57a/klima--og-miljoprogrammet---lokale-retningslinjer>
- Lenke til Landbruksdirektoratet sine sider:
<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/prosjektmidler/alle-prosjektmidler/midler-til-nasjonale-klima-og-miljotiltak>

Søknaden må bli sendt i Altinn med innlogging via ID-porten: Skjema:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/klima--og-miljoprogrammet-kmp--tilskudd-til-nasjonale-prosjekter/>

Oppdaterte retningslinjer for IBU-midlar 2021-Agder

Innovasjon Norge har sendt ut oppdaterte retningslinjer for IBU-midlar (investering- og bedriftsutvikling i landbruket) for 2021



Høgt prioritert målgruppe

Unge bønder under 35 år og bønder som planlegg å hente vesentlege delar av inntekt og sysselsetting frå bruket

Trandisjonelt landbruk

1. Grovforbasert husdyrhald. Følgjande produksjonar blir prioritert

Mjølkeproduksjon, spesielt fokus på små og mellomstore bruk med færre enn 30 kyr, jfr. nasjonale føringar. Oppgradering til lausdrift og annan rasjonalisering

- Kjøttproduksjon på storfe

- Spesielt fokus på små og mellomstore bruk med færre enn 30 ammekyr
- Ombygging frå bås til lausdrift vil bli prioritert, samt noko nyetableringar og utvidingar innan ammeky
- Omlegging frå mjølkeproduksjon til rein kjøttproduksjon
- Saueproduksjon
 - Ein kan gi tilskot til naudsynt fornying/oppgradering på eksisterande sauebruk
 - Prosjekt i innlandskommunar med stor andel utmarksbeitegrunnlag er prioritert
- Det skal for alle produksjonar vere godt samsvar mellom garden sine eigne areal, lokaliseringa av dei disponible areala, kvotegrunnlag og investeringa sitt omfang
- Prosjekt med auka andel av beite i forgrunnlaget og auka produksjon gjennom betre utnytting av beiteressursar, er prioritert
- Økologisk produksjon blir prioritert

2. Planteproduksjon

- Investeringar og utvikling innan produksjon av m.a. grønnsaker, korn, potet, frukt, bær og veksthusplanter er høgt prioritert. Til dømes til lager/kjølelager, korntørke, pakkeri og tunnellar og til etablering av frukt- og bærfelt
- Økologisk produksjon blir prioritert

3. Gjødsecellager

- Tiltak som bidreg til redusert utslepp som gjødsecellager med overdekke eller 10 - 12 mnd. lagringskapasitet

4. Vatningsanlegg

- Ein kan gi støtte til faste installasjonar. Vatningsvogn og anna flyttbart overflateutstyr kan ikkje inngå i støttegrunnlaget

5. Kraftførbaserte produksjonar

- Ein kan støtte modernisering og oppgradering av produksjonsanlegg utan produksjonsauke, og som representerer eit klart løft. Til dømes omlegging til SPF-gris

- Under føresetnad av endring for svin i nasjonal policy, kan ein opne for investeringar i slaktegrisproduksjon under den føresetnaden at det er leveringsavtale med varemottakar
- På grunn av marknadssituasjonen støttar ein ikkje nyetablering og utviding innan konvensjonell produksjon på/av egg, kylling og kalkun, med unntak for produsenter som vil bygge om frå miljøbur til å ha frittgåande høner
- Omlegging frå konvensjonell til økologisk produksjon innan egg, kylling og svin kan bli støtta under føresetnad av leveringsavtalar eller marknadstilgong

Prioriterte landbruksbaserte næringer/tilleggsnæringer:

- Inn på tunet
- Vidareutvikling og produktutvikling av lokal mat
- Landbruksbasert reiseliv og opplevingsproduksjon
- Joletre og pyntegrønt
- Birøkt
- Samarbeidstiltak (Nettverk)

Ikkje prioriterte tiltak/område

- Verkstad, reidskapshus, vedlager
- Løpande vedlikehald
- Kjøp av livdyr (også rekna bifolk)
- Brukt utstyr (som tidlegare er delfinansiert med tilskot, unntak er brukt mjølkerobot)
- Ridesenterverksemd, trav, golf
- Utstyr anskaffa ved leasing

Lån

Ein kan gi lån til næringsformål (m.a. driftsbygningar og anlegg av meir varig karakter til tradisjonelt landbruk og andre landbruksbaserte næringer, kjøp av eigedom og tilleggsareal og kvote/besetning

Plantevernkurs (digitalt) vinteren 2021

For å kunna kjøpa og bruka plantevernmiddel må du ha eit autorisasjonsbevis, såkalla sprøytesertifikat. Då må ein gjennomføra kurs og bestå eksamen. Beviset gjeld i 10 år.



Kven treng dette?

Ordninga gjeld alle som bruker plantevernmiddel som til dømes bønder, gartnarar og skogbrukarar. Dessutan tilsette i bedrifter, skular og offentleg verksemd som bruker plantevernmiddel. Er du i tvil om du kan få beviset, ta kontakt med kommunen før kursstart.

Fornyng - du må ha eit utskrive bevis frå før. Du kan fornya sjølv om det har gått ut.

Tidspunkt:

1. gong: (2 dagar, vel eit av kursa/kulepunkta)

- torsdag 29. april kl 9-14 og onsdag 5. mai 9-13

Fornyng: (vel ein av datoane)

- torsdag 29. april kl 9-14

For meir informasjon om eksamen, kursbok, kursavgift og påmelding: sjå Bygland kommune si heimeside eller her: <https://aqder.nlr.no/kurs/plantevernkurs/>

Oppvekst

Påskeferie

Det er påskeferie i veka 13 og delvis 14 (29.03.-05.04.).

Bygland kommune ønskjer alle elevar og tilsette ved oppvekstsentra i Bygland



GOD FERIE!

Kultur

UKM prosjektveke (veke 12)

UKM står for Ung Kultur Møtes og blir arrangert for kulturinteressert ungdom i alle kommunar på Agder kvart år. Les meir på UKM.no



Hovedmålgruppe er ungdom 13-19 år, i tillegg kan barn i alderen 10-13 delta for scenetrening/rekruttering lokalt.

I veke 12 blir det prosjektveke for elevar frå UKM Bygland med «Trygg-påscene»-kurs og videoopptak av musikken deira.

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
Sentrum 18, 4745 BYGLAND
<https://bygland.kyrkje.no/>

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
Kyrkjevevje: Olav Nilsen: 982 99 711
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



Gudstenester

- **sundag 28. mars kl. 12:**
Friluftsgudsteneste ved Hovatnet,
Åraksbø



Grunna stadige endringar i koronasituasjonen kan gudstenestane bli avlyst på kort varsel. Sjå difor annonser i Setesdølen.

Nye konfirmasjonsdatoar

Etter tilråding frå kyrkja si leing og i samråd med dei føresette vert konfirmasjonane utsette til hausten medan vi venter på ein betre smittesituasjon.

Konfirmasjonane blir no desse datoane:

- laurdag 28. august kl. 12.00: Bygland kyrkje
- sundag 29. august kl. 11.00: Sandnes kyrkje
- laurdag 4. september kl. 11.00: Årdal kyrkje
- laurdag 4. september kl. 14.00: Austad kyrkje

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:
post@bygland.frivilligsentral.no

Bygland frivilligsentral (BF) må framleis utsette oppstart av dei fleste aktivitetane sine.

Informasjon om oppstartsdato og smittevernsyn i følgje smittevernplan vil kome etterkvart på www.bygland.frivilligsentral.no/ og

www.facebook.com/bygland.frivilligsentral

Opne aktiviteter er:

- **Utstyrsentralen** med alt du trengt for vintersport: tlf. 94 50 28 58
- **Kunstnarverkstaden for barn**, kvar fredag på frivilligsentralen
 - kl. 13.00 - 14.30: 1-3 klasse
 - kl. 15.00 - 16.30: 4-6 klasse
- **Ombringning av middag** to gonger i veka
- **Følgjeteneste**
- **Transport til og fra vaksinasjon**



Skidag på Brokke

Tusen takk til alle som var med oss til Brokke Alpinsenter den 23. februar!
Me har inntrykk av at alle som var med storkoste seg. 😊 Det gjorde me
og, spesielt då sola kom fram. 🌞🌞

Me serverte hamburgar til alle, på rad og rekke.
Men ungdommen hadde knapt tid til å ete, og
hasta opp i bakken igjen. Blide fjes og raude
kinn, vitnar om nøgde og aktive barn. Det er stas
for oss som steller til! Takk til Nina og Gro Tove
som stilte med privatbil, som faktisk hadde plass
til ALLE skia og maten! 😊



Bygland kommune abonnerer på Tilskotsportalen

Tilskottsportalen er eit verktøy for deg som vil søke tilskot til prosjekt dine. Portalen gjer deg ei oversikt over alle tilskottsordningar som vert bydd fram for

norske organisasjonar. Du kan søke etter støtteordningar i mange ulike kategoriar. Les meir: www.tilskuddsportalen.no



Strøsand (singel) til eldre vintersesongen ut

Frivilligsentralen og Rådet for eldre og funksjonshemma har i vintersesongen eit tilbod til dei som har vanskar med å hente sand på Nesmoen. I garasjen til heimesjukepleien (ved Byglandsheimen) blir det sett ned bøtter med singel. Det er 12 liters murebøtter. Treng ein singel til hjelp på glatta kan ein kome med ei tom tilsvarende bøtte, sette ho ned og ta med ei full. For å få kontroll med kven som har bytta bøtter, blir det lagt ned ei liste der ein må skrive namnet sitt. For kontakt må ein ringe heimesjukepleien tlf. **95234632** eller Frivilligsentralen tlf. **94510770**.



Tømekalender for Bygland kommune – mars 2021

Matavfall og restavfall: veke 10: torsdag 11.03.

Papir og plast: veke 12: tysdag 23.03.

Matavfall og glass/metall: veke 12: torsdag 25.03.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (10.03.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (27.03.)

Syrtveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (13.03.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS informerer:

Ny ordning om utlevering av bioposar til matavfall og plastsekkar til returplast

Framover må du gjere følgjande for å få desse:

- Treng du bioposar, bind du ein tom biopose på matavfallsdunken
- Treng du sekkar til returplast, bind du ein tom berepose på papirdunken



Renovatørane vil då dele ut det du manglar. Ikkje tak av bioposen eller bereposen før du har fått det du manglar. Har du gått tom for bioposar eller plastsekkar, kan du få desse utlevert på gjenvinningsstasjonen og i resepsjonen på kommunehuset.

Bygland filmklubb – søndag 14.03. på Bygland kulturscene

Visningane blir og annonsert på Facebook. Følg Bygland filmklubb




kl. 17:00:
Rise of the Guardians
(2012)

Alder: 7 år

kl. 19:00:
Commando
(1985)

Alder: 15 år



Nye regler og priser for medlemskap 2021

Barn/Ungdom 0-18 år : 50,-. Vaksne : 100,-

Alle tilstade på visningar må registrere seg som medlemmer.

Enkel registrering med navn, fødselår, e-post og tlf nr.

Medlemskap kjøper du "i døra" på alle visningar.

Dei som var medlem i 2020, fornyer berre medlemskapet sitt når dei kjem på neste visning i 2021.

Bygdekinoen: (bygdekinoen.no) – Bygland kulturscene

Ingen film lagt ut ved redaksjonsslutt; for dagsaktuell informasjon sjå

<https://www.bygdekinoen.no>

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 19:

Billete: *Framsida: Hægustøyl på Frøysnesheia av Anne Turid Bjørnstad Frøysnes. Innhald: Setesdalsmuseet/Leonhard Jansen, pixabay.com, Agder fylkeskommune, Susanne Hegenscheidt, Margit S. Kvaale, Anne Fauske, Bygland Filmklubb, Bygland Dramatiske Selskab. Red.notat og Kva skjer: S. Hegenscheidt. Tusen takk til alle fotografane!*

Redaksjon: *Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg*
Neste utgåve Byglandsnytt: 06. april 2021



GOD PÅSKE!

Forskjellig

TUBFRIM-midlar 2021

TUBFRIM har kvart år i over 90 år delt ut TUBFRIM-midlar til gode tiltak for barn og unge i Noreg.



Våren 2020 skjedde ikkje dette. Årsaken til det var at alle flotte tiltak som skulle få støtte, ikkje kunne bli gjennomført på grunn av smittevernreglane i samband med den pågåande pandemien.

Saman med midlar til bekjemping av tuberkolose, har TUBFRIM gleda av å kunne dele ut kr. 1.300.000 i 2021.

TUBFRIM håpar at det vil bli sett ekstra stort fokus på tiltak for barn og unge, og at ein viser stor kreativitet for å kunne arrangere desse tiltaka.

Søknadsfrist for tildeling er 15. mars 2021.

Lenke til heimesida deira: <http://www.tubfrim.no/>

Bygland kommune er ein TUBFRIM-kommune

Bygland kommune har i fleire år samla frimerke til TUBFRIM. Vi har ein kasse der vi samlar frimerke frå post som kjem inn. Når kassen er full, blir den sendt til TUBFRIM.



Ein ser no at meir og meir av posten kjem elektronisk. Det medfører då at kassen ikkje blir fylt opp så raskt vi kunne ønskje.

Om det er nokon som har frimerke de ønskjer skal bli sendt til TUBFRIM, kan de levere desse på kommunehuset. Då får vi sendt frimerka når kassen er full.

TUBFRIM sel frimerke til frimerkesamlarar. Overskotet frå sal av frimerke, postkort og anna blir brukt til: Halvparten av overskotet blir brukt til bekjemping av tuberkolose. Den andre halvparten skal brukast til trivselsfremjande tiltak for funksjonsfriske og funksjonshemma barn og unge i Noreg.

Bygland Dramatiske Selskab - No vert det dramatisk

Bygland Dramatiske Selskab startar opp att etter om lag 14 år i opplag. Grunna restriksjonar vert det ikkje noko samling før det vert opna opp for det. Førebels er me ei lita gruppe som driv planlegging og klargjering for oppstart.



Frå framsyning «Kallane i Oladalen» i 2001. Foto: ukjent fotograf. Bak frå venstre: Even Hommelaker (William Viki), Oline Åsbakken (Torill Førstund), Lina Brubakken (Gro Tove Frafjord), Doktoren (Olav Larsson). Framme frå venstre: Lars Hommelaker (Svein Kleivane), Bertel Krislerud (Jørund Upsal), Berte-Maria Krislerud (Elin Kvaale Hansen)

Så langt ser det ut til at det vert øvingar på måndagar på Kulturscena, og oppsetting same stad, truleg i november. Laget er ope for alle interesserte, om du vil stå på scena eller vere med i apparatet rundt. Inga forkunnskapar naudsynt. Har du elles noko du lurar på, kontakt gjerne ein av okke som driv på: Lisbeth L. Skreland, Guro K. Skibsrud, Marit Vegusdal, Runar Granheim og Olav Grendstad. Konkret invitasjon kjem i dei fleste kanalar når me fer lov til å samlast. Fylg oss gjerne på fjesboka mellombels. Der legg me ut informasjon, bilete frå arkivet, og anna.



KVA SKJER I BYGLAND?

Mars 2021

	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT <i>(med atterhald om endringar)</i>
fredag 05.03.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
fredag 12.03.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
sundag 14.03.	Bygland filmklubb;	kl. 17.00	The Rise of the Guardians (7 år)
	Bygland kulturscene	kl. 19.00	Commando (15 år)
fredag 19.03.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
sundag 28.03.	Bygland kyrkjelege fellesråd	kl. 12.00	Friluftsgudsteneste ved Hovatnet
veke 12	UKM Bygland		Prosjektveke for UKM-elavar
veke 13 og 14 (29.03.-05.04.)	Oppvekstsentra i Bygland		Påskeferie 🌞